

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.09.2015

### Handsaming i møtet

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Kristine Holm Svendsen, og økonomisjef, Nils Egil Vetlesand, gjorde greie for kva som er gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2014 nr.13 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet registrerer at det er sett i verk mange gode tiltak på dette området men at det framleis gjenstår noko før alt er på plass. Dette gjeld særskilt punkt 7 Fylkesvegar. Utvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 14.12.15 for å orientere om dette på nytt.

Kontrollutvalet ber om å få halvårlege (t.d. april og oktober) statusrapportar når det gjeld rettstvistar som Hordaland fylkeskommune er part i. I tillegg vert det bede om å få tilsendt fortløpande skriftlege orienteringar om viktige hendingar i høve rettstvistar.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 14.12.15 for å orientere om ny status på oppfølging av punkt 7, Fylkesvegar, i revisjonsrapport 2014 nr. 13 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet ber om å få halvårlege (t.d. april og oktober) statusrapportar når det gjeld rettstvistar som Hordaland fylkeskommune er part i. I tillegg vert det bede om å få tilsendt fortløpande skriftlege orienteringar om viktige hendingar i høve rettstvistar.
3. Informasjonen vart elles teken til orientering.